



Det kongelige kunnskapsdepartement

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Vår dato: 14.02.2011


Vår ref.: 2011/203

Dykkar dato: 12.11.2010

Dykkar ref.:

Sakshandsamar :JK

Høyring - Kulturskuleløftet - kulturskule for alle



Høgskulen i Volda (HVO) har merka seg regjeringa sine målsettingar i høve vidareutvikling og satsing på kulturskulen i samband med *Kulturløftet II*. Det er svært positivt at regjeringa nå vil satse på eit kulturskuletilbod av høg kvalitet over heile landet til ein rimeleg pris.

Kulturskuleutvalet sin rapport tar utgangspunkt i danningperspektivet og barns behov for formidling av kunst og kultur. I denne samanhengen vert behovet for kompetanse på tvers av institusjonsgrensene poengtert. Kulturskule, førskule, skulefritidsordning og grunnskule har alle behov for kompetanse både av kunst- og kulturfagleg og av barnefagleg karakter. I denne samanhengen er det urovekkande at den formelle kompetansen i praktiske og estetiske fag er svært lav i norsk skole, og at den nye lærarutdanninga ser ut til å forsterke tendensen til nedprioritering av desse faga (jf *Praktiske og estetiske fag og lærerutdanning*, rapport til Kunnskapsdep. 2010). I denne samanhengen vil HVO understreke behovet for auka satsing på dette fagfeltet, særleg med sikte på å utvikle høgskuletilbod som kan gi utdanning innafor heile dette området. Rapporten dokumenterer det store talet på delte stillingar allereie i dagens situasjon, og gir grunnlag for å sjå på gode fellesløyningar i samband med den nye kulturskulesatsinga.

HVO vil likevel åtvare mot ei eventuell nedprioritering av grunnskulen sitt ansvar og manglande krav til formell fagleg bakgrunn for skulen sine lærarar i praktiske og estetiske fag. Dette bør ikkje vere til hinder for utvikling av gode samarbeidsarenaer. Kulturskuleutvalet peikar elles på fleire problem som Kunnskapsdepartementet må avklare. Dette gjeld særleg problem knytt til ansvarstilhøve, spørsmål om betaling og formelle sider ved blandingstilbod der kulturskule, SFO og skule er involverte. Eit betre samarbeid mellom kulturpedagogar og kunstnarar innafor dei ulike arbeidsfeltene, vil også kunne medverke til å halde oppe kvalitet og eit variert tilbod i Den kulturelle skulesekken.


Det er positivt at regjeringa vil gje alle barn kulturskuletilbod til "en rimelig pris". Fleire undersøkingar tyder på at kulturskulen i dag ikkje når grupper med låg betalingsevne. Dersom kulturskulen skal bli ein arena for samhandling og utvikling i lokalsamfunnet, er det viktig at pris ikkje er eit hinder for barna si deltaking. I samhandlinga med skulen må gratisprinsippet avklarast.

HVO støtter utvalet sitt framlegg om forskrift knytt til § 13-6 i opplæringslova. (Jf vedlegg A: Forskrift s.118)

Det er viktig at ordninga med stimuleringsmidlar vert vidareført som eigen post i statsbudsjettet. Dersom kulturskulane skal utvikle seg til ressurscenter innafor eit breitt fagspekter, er

utviklingsmidlar heilt avgjerande. Vi vil elles streke under at det er avgjerande at *Kulturskoleløftet* blir evaluert og følgt opp med dokumentasjon undervegs, både med omsyn til kvalitet, pris, organisering og fagleg utvikling.

Med helsing —


Jacob Kjøde jr.
Høgskuledirektør